

# AUSTRHEIM SOKNERÅD

## MØTEBOK – TITTELARK

### SOKNERÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
01.09.16

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:**

Arne Lerøy, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin S. Fønnes, Jusu Gyflan, Bjørn Helge Olsen og sokneprest Per Børge Hillestad.

**Varamedlemer:**

Inger Synnevåg, Kjell Dahle, Einar Austrheim

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:**

Kine Lerøy  
Britt Ystebø  
Svein Thomas Villanger  
Anita Bakke

**Desse møtte ikkje:**

Henrik Nielsen (vara)

**Saker til førehaving:**

Soknerådsaker: S-26/19 – S – 32/19

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- S- 26/16      GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING
- Saksliste og innkalling: Ingen merknader. Ekstra sak: Møte med friviljuge.
- S- 27/16      GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 01.06.16
- Møtebok frå 01.06.09: Ingen merknader.
- S- 28/16      SKRIV OG MELDINGAR
- a. Informasjon om diakonikonferansen 3.nov 16: «Håp – for kven, for kva»
- S- 29/16      MØTEPLAN
- Det er behov for å laga ny møteplan for resten av hausten og for inngangen til 2017.
- Vedtak:  
AU og kyrkjeverja set opp møteplan. Soknerådsmøter om lag 1 gong i månaden. Unngå tysdagar.
- S- 30/16      «TELTGUDSTENESTE» - SAMARBEID VEDK  
KULTURARRANGEMENT «EIN SMAK AV AUSRHEIM 2017»
- Soknerådet har motteke brev frå Austrheim Indremisjon v/Herdis Gjerde, vedkommande neste års kulturarrangement i kommunen; «Ein smak av Austrheim 2017». Indremisjonen oppfordrar soknerådet til å be om at det vert lagt ei gudsteneste til dette arrangementet. Iden samanhengen ynskjer indremisjonen å bidra i eit samarbeid med soknerådet for å få dette til.
- Vedtak:  
Soknerådet er positive til initiativet frå Austrheim Indremisjon og vil arbeida for at eit gudstenestearrangement vert lagt inn som ein del av dette kulturarrangementet. Soknerådet ber indremisjonen kalla inn til eit samarbeidsmøte i god tid før arrangementet i 2017.
- S- 31/16      UTARBEIDING AV DIAKONIPLAN
- Kyrjekontoret har motteke email frå diakoni og misjonskonsulent Vetle Karlsen Eide ved bispedømekontoret. Grunnen er at både Meland sokn og Austrheim sokn manglar ein diakoniplan. Han foreslår ei felles inspirasjonssamling for folk frå Meland og Austrheim. Inspirasjonssamlinga skal vera ei hjelp til å dra i gang planarbeidet. Det er foreslått at samlinga vert i november 2016 (etter at Meland kyrkjelyd er ferdig med å feira sitt 150-års jubileum for kyrkja).. Kyrkjeverja i Meland ønskjer å vera vertskap for samlinga og bispedømekontoret har forslag til to alternative datoar i november. Kyrkjeverja vil vera den som fører planen i pennen, men han er avhengig av å samarbeida med tilsette og frivillige for at den skal treffa det behovet som er i Austrheim sokn. Ferdig plan vil bli vedtatt av fellesrådet.

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar igangsetjing av arbeidet med diakoniplan. Kyrkjeverja får ansvar for utforminga av planen. Soknerådet vil at følgjande personar vert med på inspirasjonssamling saman med Meland sokn den 15.november og vert medvirkande i utarbeiding av planen: *Britt Rebnord, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn.*

Soknerådet vil at planen skal bearbeidast undervegs i prosessen og at diakoninemda vert involvert i utarbeidinga av planen.

S- 32/16            UTSENDINGSRUTINAR AV SOKNERÅDSPAPIR

Kyrkjeverja ønskjer ei drøfting med soknerådet korleis ein ser for seg utsending av sakspapira til møta i soknerådet og fellesrådet framover. Det bør vurderast om ein kan gå over til utelukkande elektronisk utsending. Det er teknisk mogeleg å leggja ut innkalling og sakspapir på heimesida til kyrkja i Austrheim. Innkalling til møtene vil då skje på sms, der ein viser til heimesida og korleis ein klikkar seg inn til sakspapira. Elektronisk utsending vil bidra til mindre forbruk av papir og til innsparing av portoutgifter. Om soknerådet bestemmer seg for elektronisk utsending er det aktuelt å leggja ut sakspapira i form av pdf filar. Desse kan ikkje redigerast og dei kan også opnast av brukarar utan office-pakke (som ikkje har tilgang til word).

Vedtak:

Austrheim sokneråd går inn for elektronisk utsending av innkallingar og sakspapir til møter i fellesrådet og soknerådet. Sakspapira vert lagt ut på heimesida og skal vera tilgjengeleg for alle. Sakspapira vert vist på skjerm på soknerådsmøta.

S – 33/16            MØTE MED FRIVILLIGE

Det er ønskjeleg at den nytilsette kyrkjeverja får høve til å møta så mange som mogeleg av dei friviljuge og ulønna medarbeidarane, innanfor alle dei ulike nemdene. Møtet bør vera ein kombinasjon av å bli kjent og vera til inspirasjon.

Vedtak:

Austrheim sokneråd ønskjer ei inspirasjonssamling for dei friviljuge medarbeidarane i soknet, saman med den nye kyrkjeverja. AU og kyrkjeverja drøftar saka vidare og fastset eit tidspunkt for samlinga.